

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: *Fordaland*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Strandvik*Emne: *Gamal engkultur*Bygdelag: *Rønestrond*Oppskr. av: *Kari Haga*Gard: *Haga*(adresse): *Baldersheim*

G.nr. 105 Br.nr. 2093

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eng kallar ein her berre den luten av
immarki som er dyrka bö og vert gjödsla.
Den andre böen som ligg immagerest men
ikkje vert gjödsla kallas *tynslebödn* eller
småbödn. Slætteligar i utmarki heiter
utslætta. Der kunde og vera slatteleigar
immageres som låg sopsas langt frå husi
at dei hadde ei høyloa der, då kalla dei
det ei heimaslætta. Fyrste året etter ein
åker er attlagd heiter det eit attelægg,
seinare heiter det ei økra. Den gjödsla
böen er *töbödn*, *tøengjo*, *bukkengjo*. Den
ugjödsla böen er *småbödn* og *tynslebödn*.
Højet frå engjo heiter *töhøy*, det andre
er *småhøy*.

Slætter og utslætter var vel sjeldan
farande med langor so brattlendt her er,
so noko mann i so måte har her ikkje vore.

2. Rydjing.

A rydda på tynslebödn og slættonne vert
sporet i mai. Dungane ein raka saman
heiter ronadonga. Arbeidet heiter
å rydda. Den største leivisen og

stein vart bore på den nærmeste røysi. smakvist og lannusk vart heimbære og brukt til underbar. Var der svært mykje rona kunde ein og bera den saman i store dunga og bremma den. Det kalla ein å brødna rona. Oska vart strøydd ut over den nærmeste bakken.

Alle gamle steingarar syner at der frå gammalt har vore rydda mykje Stein både små og stor ut av eng og slatteinagar, også or utslatter.

3. Mosevaksen eng.

Ein brukte å strøya oska på bø der det var mose. (Strandsitjara og andre som ikkje hadde jord fekk gjerne spa opp potetgrav og eit næreflekke los bøndene mot eit par dagsverk. So fekk dei ta kumök i lægeplassene i utmarki til å ha i desse flekki sine mot at bøndene då fekk oska att los dei.)

Dei mente at oska både hynte mosen og gav fint og godt gras. Og all oska vart sløtt vel mytta.

Viss dei av ein eller annan grunn la att ein åkerflekk tok dei av det finaste høyfræt i høyhøytuffi og sådde i den.

4. Myr og vassruk eng. Vatning.

Det har frå gammalt vore teknikkar for å leia vatnet bort frå bør og myra.

Ein kan av og til råka på slike veitar som ein aldri viste orn. Dei elste veitene var kjiskeveiber. Der var lagt steinar ^{sett} på kor sida av veiti og lagt ein flat

stein eller ei hella oppå.

Datring av eng veit ein ikkje av har vore brukta herikring.

Gjödsling.

5. Frå gammalt vart eng gjödsla med vintergjödsel so langt den rakk. Men fyrst og fremst kjøyrde dei på åkeren det den trong. Det var kùmòk. Det som da var att av den vart kjøyrd på beste böen. Hestemöki hadde dei helst på våttlente stader, og smalamöki der det var brattlent. Värfloren stod jannast ved lögaren, og möki som var der hadde dei då på nærmeste bakkane. Men ingen tok vintermök heimafrå til utslætter, den rakk ikke so langt.

På beste böen rekna dei med so og so mange lass på visse tiigar.

6. Gjödsla bö kalla ein tööö - tööödu, graset var tögras - töeng - tjukkeng, höyet var töhoy.

7. Dei gamle tuni låg jannast i øste enden av garden, men kvifor er vant å segja. Frå eldhusi eller der såle og vaskvatn vart slepe vekk, der grov dei gjerne eit par sinā stikkveita. Den bakkun det då ram over vart kalla ei sek - sekja. Höyet på slike stader kalla dei sekahög.

Hér er so grùnt dei fleste stader i Bygdi, so åkrane vart vel lagde mest mogeleg dei fann spadpusna.

8. För vart all gjödsling gjort berre om våren. Ein mytta same reidskapsen som til åkergjödsling. Når ein køyrdet ut möki var ein støtt to, for ein brukte to slær, og so leste ein, og ein køyrdet.

Til lessingi hadde dei ei fregreip. Den var ikkje laga av eit stykke, men skaffet var festa til greipi midt inn nagle slik at neste enden av skaffet var mittinden, den hadde fem tindar, men dei var berre huloti so lange som tindane på ei jarngreip. Desse greipi var berre brukta til lessing, dei var helst tunge og klampne.

Det var kvinfolki som breidde möki.

(Ein sa „breia mök.“) Dei brukta då ut tråg, hakka möki små og fin åt tråged med ei mökje hakka. Skafte på hakka var vel pålag tretti tūmme, hovudet var tjukt og sterkt med fem tjukke tindar.

Sodlita og breiddde dei möki fint utover bœn. Var det kumöki var det seint og tungt arbeid. Smalamöki var lettare.

Etterpå vart möki fint mylda med ei vanleg riva. Det også var kvinfolki sitt arbeid.

No er her 60-70 år sidan folk gjant over tok til å brukta kjaptre jarngreip. Då vart kumöki breidd med dei, og det gjekk meir over til å verte kararbeid. Til smalamöki var tråg og hakka brukta ratt til seinske iei på sime gardar. Det kom seg vel av at den gjant vart breidd i bratte bakkar og brekkor, og vilde lettare trilla vekk om greip vart brukt der.

Den siste mamsaldren har ein bruk
haro til mökemylding der ein kan
koma til med hest og harv. Og ein
köyer möki ut i kyrra.

9 Om hausten let ein gjerne kyr og
sauer beita på böen so langje råd var,
ja til helgeness om veret var godt, sauene
so langje det var tåo snark. Men eg
har ikkje höyst om at det var gjort for
anna enn å spara höyståle.

Om våren var det berre smalen som
beita böen. Heile böen vart beita.

10 På same gardar er det no mykje
slutt med böleiting. Og der dei enno
brukar å beita, der er atlegg og økrer
inngeerde so leesti ikkje kjem der.
Alle stader får smalen beita böen
ei stund om våren, men ein ser
gjerne til å ha dei mest mogele
på tysleböen.

11 Dette som her er ment kjenner ein
ikkje til her.

12. Dii fyrste par vikor etter ein löyste
kyrne om våren batt ein dii inn i
vårfloren om nettene. Fyrst löyste ein
jamt so tidlegt at ein laut "stö" til med
litt hög om ein åtte det, eller soeg og ris.
Möki fra vårfloren vart uthadd på
næraste bæke.

Ivar gard hadde berre ein vårflor.

13. Når ein leita på böen vart kyrne
alltid båttne inn i floren om nattene.

Grindgang eller kviing.

Her kjemmer folk ikkje til nokon ting
av dette som er spurt om her.

19. På mange gardar her er stader på
böen som har namnet tra eller træ.
men om det kan ha nokon samband
med det som her er spurt om veit
ingen å seia no.

20. Her var ikke slåttemark på setra.
Der var ikke flora til besti heller.
Stølsjentene låg der berre med natti
og gikk heim kvar dag.

21. Sime brukte å bera tang i
dunga på åkrane som låg nerast
sjøen. Når dei hadde vore på fiske
bar dei fiskesko åt desse dungane.
Om våren bar dei av desse dungane
utover åkren på eit båretre, litt her
og litt der, og jamna det etterpå utover
med ei hakka eller riva. Men dei
hadde ikke av dette på böane.

Hord
Strandvik
I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET Kari Haga


2827

NORSK ETNO OGISK GRANSING
ADR. NORSK FOLKE MUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har brukta fiskebein og fiskehovud til brensel?

Har ein brukta kumøkk til brensel?

Denne måten å dra vatn på kjemmer inn ikkje herikring.

Ein hareller ikke höyst om at fiskebein har vore rukna for brensel.

Kumøkk har ikke vore brukt til brensel bur det folk no vit om.